

PROTOKOLL FRÅ KONTROLLUTVALSMØTE I HELSE VEST RHF

Tid: Onsdag 19.oktober 2005 kl 0900 – kl 1145

Stad: Helse Vest RHF, Forus

Saker:

- | | | |
|-----|---------|---|
| Sak | 01/05 B | Utkast til saksframlegg til styremøte 27.10. 2005
Instruks for kontrollkomiteen
Instruks for internrevisjonen |
| Sak | 02/05 O | Internrevisjonen – prosjekttilnærming og aktivitetar |
| Sak | 03/05 O | Potensielle internrevisjonsprosjekt |
| Sak | 04/05 O | Møteplan for kontrollkomiteen |

Deltakarar frå kontrollkomiteen: Svein Andersen
Per Hanasand

Forfall frå kontrollkomiteen: Bente Moen

Frå administrasjonen: Herlof Nilsen
Per Karlsen
Gunnar Hoff

Leiar i kontrollkomiteen opna møtet og skisserte eit forslag til opplegg for møtet. I tillegg til dei sakene som gjekk fram av innkallinga, føreslo leiar nokre tema som han ønskte å handsama på møtet. Det var ingen kommentarar til innkallinga eller til dei tilleggstema som var føreslått.

Per Karlsen orienterte kort om prosessen kring innkjøp av internrevisjonstenester og innleidd internrevisor orienterte om sin faglege bakgrunn og praktiske erfaring med internrevisjon.

Sak 01/05 B Utkast til saksframlegg til styremøte 27.10. 2005

Instruks for kontrollkomiteen

Instruks for internrevisjonen

Struktur og innhald i dokumenta vart gjennomgått og kommentert. Innhaldet i saksframlegget vart avstemt mot instruksane. Både prinsipielle og praktiske problemstillingar knytt til deler av innhaldet i dokumenta vart drøfta. Konkrete og samrøystes forslag til endringar i struktur og formuleringar vart notert.

Sekretæren fekk fullmakt til å oppdatera dokumenta, og syta for at dei vart kvalitetssikra og klargjort for utsending til styret.

Vedtak (samrøystes)

Kontrollutvalet godkjenner instruksane for kontrollkomiteen og internrevisjonen med dei tillegg som kom fram i møte.

Kontrollutvalet si innstilling til styret:

Styret godkjenner instruksane for kontrollkomiteen og internrevisjonen.

Sak 02/05 O Internrevisjonen – prosjekttilnærming og aktivitetar

Prosess og aktivitetar for internrevisjonen vart drøfta. Tilbakemeldingar til administrerande direktør og finansdirektør tyder på at føretaksstyra og -leiinga har positive forventningar til internrevisjonen. Som eit ledd i å dokumentera og kommunisera dei nye funksjonane i føretaket, er det ønskjeleg å få utarbeidd eit dokument som omhandlar kontrollkomiteen og internrevisjonen.

Dokumentet vil vera ei konkretisering av instruksane og vil mellom anna omtala ansvar, rollar og oppgåver, arbeidsform, kommunikasjonsrutinar, koordinering med andre funksjonar og korleis dei nye funksjonane vil kunne påverka helseføretaka og tilsette. Dokumenta vil vera naturlege utgangspunkt for ei orientering i styra og med leiargruppene i helseføretaka.

På bakgrunn av innspel og drøftingar i møte vil internrevisor prioritera følgjande oppgåver:

- Kontakta helseføretaka for å få sett av tid til ein presentasjon for styra i desembermøta.

- Utarbeide dokument om internrevisjon i Helse Vest
- Utarbeide dokument om kontrollkomiteen i Helse Vest
- Utarbeide eit dokument som grunnlag for revisjonsplanen for 2006. Dette skal omhandla mellom anna prosess, aktivitetar, tilnærming til risikokartlegging, prioriteringskriterier, deltaking og fristar
- Utkast til møte og aktivitetsplan for kontrollutvalet

Sak 03/05 O Potensielle internrevisjonsprosjekt

Med utgangspunkt i styrets fokusområde, rapportering frå Riksrevisjonen og ekstern revisor, samt erfaringar og innspel frå Helse Vest, hadde internrevisor identifisert ei rekkje prosjekt som det kunne vera aktuelt å starta opp i 2005. Ved val av prosjekt bør ein ta omsyn til moglegheitene for å kunne realisera gevinstar raskt. Det vart også framheva at det kunne vera ein fordel å prioritera prosjekt som retta seg mot sentrale deler av tenesteproduksjonen, mellom anna for å synleggjera at internrevisjonen har eit føremål og fokus som går utover dei tradisjonelle økonomiske perspektiva.


For å få eit fagleg betre grunnlag for å velja prosjekt kan det gjennomførast ei strategisk risikovurdering på føretaksnivå. Internrevisor arbeider vidare med vedtaksgrunnlaget / underlagsdokumentasjonen for val av prosjekt.


Sak 04/05 O Møteplan for kontrollutvalet


Møteomfang og møtestad for kontrollutvalsmøta vart drøfta. Komiteen ønskjer å starta med fire årlege møter, men vil auka møtefrekvensen om dette skulle visa seg nødvendig. I første omgang vart det vurdert som naturleg å leggja dei fire møta i forkant av dei planlagde styremøta i Stavanger.

Neste møte i kontrollkomiteen vart tentativt sett til tysdag 22. november, på ettermiddags-/kveldstid. Leiar vil i samarbeid med internrevisor vurdere om det let seg gjera å gjennomføra møtet som planlagt, og koma attende med informasjon om tidspunkt og møtestad.

Referent Gunnar Hoff
Stavanger, 21. oktober 2005


Svein Andersen
Komiteleiar

SeH:

Bente Moen


Per Hanasand